



Nordplan AS
Tlf: 57 88 55 00
post@nordplan.no
www.nordplan.no

Byporten er eit orienteringspunkt i Høyanger sitt bybilde og er ei svært gunstig plassering for Galleri Gunnar S. I prosjektet har det ikkje vore aktuelt å endre bygget utvendig, men mange små rom med mange vindauger og små veggflater gjorde det vanskeleg å nytte bygget til utstillingar. Konseptet går ut på å fjerne veggar som ikkje er bærande og å lage opningar og luft mellom etasjane.

Det er montert opaliserte kvite glasplater med folie med grafikk henta frå Gunnar S sin produksjon. Oppheng for utstillingsbilete er etablert innanfor desse glasplatene. På denne måten vil Gunnar S sitt fragment gløde i vindauga og innandørs vere i veggane uansett kva utstilling som er. Dagslyset fell inn på glasfeltet gjennom vindauga og vil få grafikken til å spele opp i galleriet med vekslende verforhold og tider på døgnet. Mellom glasplatene og veggen er det regulerbart elektrisk lys som kan styre grafikkverknaden i utstillingsromma, avstemt til situasjonen.

Byggherre:	Høyanger kommune
Oppdrag:	Konseptfase - detaljprosjekt
Fagområde:	Arkitektur, konstruksjon, brannkonsept
Stad:	Høyanger
Areal:	om lag 400 m ² BTA
År:	Ferdigstilt i 2018